



Hustadvika kommune

Forvaltningskontoret for helse- og omsorgstenester
6440 ELNESVÅGEN

Telefon: 71 26 81 00

IKKJE OFFENTLEG
Off.l.§ 13, jfr. fvl. §13

SØKNADSSKJEMA FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Personopplysninger:

Søker:		Nærmeste pårørende	
Adresse:		Adresse:	
Postnr.	Sted:	Postnr:	Sted:
Fødsel og personnr. (11 siffer)		Tlf.	
Tlf.		Slektsforhold:	
Noverande opph.sted:			
Fastlege:			

Jeg søker om helse- og omsorgstjenester på grunn av: (se nederst på skjemaet)

Bruk gjerne tilleggsark

Undertegnede samtykker i at Hustadvika kommune kan innhente nødvendige opplysninger til bruk i saksbehandling og i tjeneste. Undertegnede samtykker også i å stå oppført på interne kommunale lister over søkere på tjenester, og i at kommunen kan benytte elektronisk kommunikasjon på sikkert nett. Se informasjon på side to (baksida)

Dato	Søkers underskrift	Evt pårørende	Andre
------	--------------------	---------------	-------

De tjenestene kommunen kan vurdere er blant annet: Praktisk bistand i hjemmet (eks hjemmehjelp), dagsenter, hjemmesykepleie, trygghetsalarm, matombrining, støttekontakt, omsorgslønn, brukerstyrt personlig assistent, rehabiliteringsopphold, dagopphold, korttidsopphold, avlastning i og utenfor institusjon, langtidsplass

INFORMASJON TIL DEN SOM SØKJER PLEIE- OG OMSORGSTENESTER HUSTADVIKA KOMMUNE

For at Hustadvika kommune skal kunne yte best moglege pleie- og omsorgstenester, er det behov for at du gir nokre opplysningar om deg sjølv og ditt behov for hjelp. Opplysningane er konfidensielle og er ein del av din journal. Berre dei som treng det i sitt arbeid skal ha tilgang til opplysningane om deg, og dei har teieplikt.

Kommunen nyttar elektronisk kommunikasjon med lege, NAV og helseføretak. Desse meldingane blir sendt kryptert på eit lukka nett, og er i difor sikrare enn ordinær postgang. Til NAV er det berre melding om trekk i forbindelse med eigenbetaling ved langtidsplass i Institusjon.

Nokre av opplysningane som kommunen ber deg om, blir registrert etter ein eigen standard og vert sendt til eit sentralt register, IPLOS. Her blir opplysningane oppbevart. Registeret skal brukast til statistikk og forskning.

Ditt namn og adresse vil ikkje finnast i IPLOS-registeret. Ditt fødselsnummer er erstatta med eit tilfeldig nummer, slik at ingen skal kjenne igjen deg eller opplysningane om deg.

I dag veit vi for lite om den enkelte brukar sine ressursar og hjelpebehov.

- God kunnskap om hjelpebehovet vil gi kommunen mulegheit for å planlegge og legge til rette tenestene.
- Sentrale myndigheiter får og betre kunnskap som grunnlag for å styre og utvikle tenestene.

Målet er å bidra til ei god ressursutting, samt likeverdige og verknadsfulle tenester.

IPLOS-registeret inneheld opplysningar om:

- Kjønn, alder og kommune
- Husstand
- Behov for bistand og assistanse i dagliglivet
- Behov for bistand og assistanse til å delta i samband med arbeid, utdanning og fritid
- Bistand frå familie eller personar i nærmiljøet
- Vurdert av lege / tannhelsepersonell i løpet av det siste året
- Type tenester som blir ytt frå kommunen
- Om det er utarbeidd ei individuell plan
- Relevante diagnosar som det er naudsynt å kjenne til for å gi deg riktige tenester

Du kan reservere deg mot at diagnoseopplysningar blir sendt til IPLOS-registeret.

Du har lovfesta rett til å vere med på å vurdere kva du treng av hjelp og assistanse og korleis tenestene skal gjevast. Det er først og fremst du sjølv som skal gi opplysningane om din situasjon.

Kommunen kan ikkje be deg om opplysningar som ikkje har betyding for situasjonen din.

Viss det dreier seg om opplysningar som du sjølv ikkje kan gi, kan det være naudsynt å ta kontakt med nokon av dine nærmaste. Det kan og vere naudsynt å spørje andre tilsette i kommunen (for eksempel fastlegen) eller eit sjukehus, om opplysningar.

Viss andre enn du sjølv skal gi opplysningar, må du gje samtykke.

Di underskrift på søknadsskjemaet gir samtykke til innhenting av slik informasjon frå andre. Sjå informasjon på framsida av søknadsskjemaet til Hustadvika kommune.

Du har lovfesta rett til å vite kva opplysningar som er registrert om deg. Viss det er feil i opplysningane, har du rett til å krevje dei retta. Du kan kontakte Forvaltningskontoret for å få meir informasjon.

Din rett til innsyn står skildra i vedtaket du vil få tilsendt etter at sakshandsaminga av søknaden din er ferdig.

Helsedirektoratet er eigar og ansvarlig for IPLOS-registeret.